


## ÅRSMELDING 2016



God stemning med ståande lunsj om bord: Brennsnut servert i brød. Bildet er frå arbeidsbåtcruset med Mørebenken 15. august 2016. Frå venstre Helge Orten, Oskar Grimstad, Rigmor Andersen Eide, Fredric Holen Bjørdal og Elisabeth Røbekk Nørve. Pål Farstad var også med, men er ikkje med på bildet. Foto Staale Wattø, Sunnmørsposten.

Friluftsrådet er eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane;



## Innhald:

Side 3-8	1. Styret og administrasjonen sitt arbeid
Side 9	2. Sikring av område til friluftsliv
Side 10 -13	3. Drift og skjøtsel av friluftsområde og tilrettelegging for friluftsliv
Side 14 - 18	4. Aktivitetsarbeid
Side 19 - 20	5. Økonomi – rekneskap
Side 21- 24	Oversikt over område og egedelar
Side 25 -28	Vedtekter

## Forord

Friluftsrådet har hatt eit svært aktivt år i 2016. Deltakinga i turregistreringskonkurransen Stikk UT! vart meir enn dobla frå året før, og etableringa av Stikk UT!-bedrift vart også ein suksess. Arbeidet med etablering av Skjergardsteneste i Møre og Romsdal i regi av friluftsråda i fylket førte til at Stortinget har løyvd 5 mill. kroner på statsbudsjettet for 2017 til ei utviding av tenesta til nye område. Føresetnaden er lokale initiativ og forpliktande medfinansiering. Dette er eit viktig første steg. Frå Stiftelsen Kjell Holm fekk vi kr. 50 000 i bidrag til ny motor i arbeidsbåten og Sparebanken Møre har gitt eit bidrag på kr. 100 000 over to år til Stikk UT!. Vi avslutta 2016 med å ta imot ei gåve på kr. 600 000 kroner frå Gjensidigestiftelsen til ei etterlengta fornying og utviding av kajakkbasen vår.

***Vebjørn Krogsæter - Haram  
Styreleiar***

***Mariann Barstad - Sula  
Nestleiar***

***Janet Roelofs - Ørskog  
Styremedlem***

***Birger Honningsvåg – Giske  
Styremedlem***

***Tore Johan Øvstebø – Ålesund  
Styremedlem***

***Modolf Hareide - Skodje  
Styremedlem***

***Palma Flåen Øvrebust – Stordal  
Styremedlem***

***Solveig Linge Stakkestad – Norddal  
Styremedlem***

***Aud Sissel Suoranta – Vestnes  
Styremedlem***

*Framsidedildet: Frå «Arbeidsbåtcruiset» med medlemmane på Mørebenken 15. august. Foto: Staale Wattø, Sunnmørsposten.*

# Arbeidet til styret og administrasjonen i 2016

## Styret

Styret for perioden 1.1.2016 til 31.12.2016 har vore:

Kommune	1.1.- 09.3.2016	Verv	10.3.-31.12.2016	Verv
Haram	Vebjørn Krogsæter Ewa Hildre	Styrelieiar Varamedlem	Vebjørn Krogsæter Ewa Hildre	Styrelieiar Varamedlem
Giske	Birger Honningsvåg Marit G. Alnes	Styremedlem Varamedlem	Birger Honningsvåg Sheila Alnes	Styremedlem Varamedlem
Norddal	Merete L. Rønneberg Kristin G. Sandnes	Styremedlem Varamedlem	Solveig Linge Stakkestad Ole Henrik Uri	Styremedlem  Varamedlem
Skodje	May Britt Grindvik Edmund Hoffseide	Nestleiar Varamedlem	Modolf Hareide Geir Ove Leite	Nestleiar Varamedlem
Stordal	Palma Flåen Øvrebust Hildegunn L. Berli	Styremedlem Varamedlem	Palma Flåen Øvrebust Frode Færøy	Styremedlem Varamedlem
Sula	Mariann Barstad Anita Solevåg	Styremedlem Varamedlem	Mariann Barstad Stine M. Lerheim	Styremedlem Varamedlem
Vestnes	Aud Sissel Suoranta Geir Inge Lien	Styremedlem Varamedlem	Aud Sissel Suoranta Geir Inge Lien	Styremedlem Varamedlem
Ørskog	Terje Osvik Arne Abelseth	Styremedlem Varamedlem	Janet Roelofs Hallgeir Bjørdal	Styremedlem Varamedlem
Ålesund	Tore Johan Øvstebø Jarle Hauge Steffensen	Styremedlem Varamedlem	Tore Johan Øvstebø Jarle Hauge Steffensen	Styremedlem Varamedlem



Det nye styret etter årsmøtet 9. mars 2016. Frå venstre: Janet Roelofs, Ørskog, Vebjørn Krogsæter, Haram, Solveig Linge Stakkestad, Norddal, Palma Øvrebust, Stordal, Birger Honningsvåg, Giske, Mariann Barstad, Sula, og Modolf Hareide, Skodje. Tore Johan Øvstebø, Ålesund, og Aud Sissel Suoranta, Vestnes, var ikkje til stades då bildet vart tatt.

Arbeidsutvalet i 2016 har bestått av Vebjørn Krogsæter, Mariann Barstad og Janet Roelofs, som har gjennomført lønsforhandlingar med dei tilsette.

## Styret – handsaming av saker i 2016

Styret har hatt 5 møte i løpet av året. Det siste møtet i desember vart utsett til starten av januar p.g.a. høgt fråfall. I alt har styret handsama 46 saker, til dømes:

- Rekneskap, budsjett, årsmelding og arbeidsprogram m/revisjon av budsjett.
- Skifte av namn til Sunnmøre friluftsråd (vedtatt av årsmøtet)
- Utviding av stillinga til dagleg leiar til 100 %
- Medlemskontingent for 2016 (vedtatt av årsmøtet)
- Overtaking av bruer i Stordal
- Finansiering av ny motor i arbeidsbåten

## Årsmøte 2016



Årsmøtet vart halde i Vestnes frivilligsentral onsdag 9. mars 2016 med 20 røysteføre delegatar. Alle medlemskommunane var representerte. Der var ingen saker utanom dei ordinære årsmøtesakene, jfr. vedtektene.

Terje Osvik, May Britt Grindvik og Merete Løvoll Rønneberg gjekk ut av styret, medan Janet Roelofs, Modolf Hareide og Solveig Linge Stakkestad kom inn som styremedlemmar frå Ørskog, Skodje og Norddal.



Før sjølve årsmøtet var det omvising i Kråkvika friluftsområde med Finn Arne Roaldsnes og Odd Jarle Talberg som engasjerte turleiarar.

Seraving av varm brennsnut i gapahuken smakte godt etterpå, før det var på tide å gå til Frivilligsentralen til årsmøtet starta kl. 18.



Odd Jarle Talberg helsa årsmøtedeltakarane velkomne på vegne av Vestnes kommune.

### Tilsette og engasjerte:

Friluftsrådet har i 2016 hatt følgjande fast tilsette:

May Britt Haukås, dagleg leiar i 80% stilling frå 1.1. til 1.5. og 100% stilling frå 1.5.

Geir Haugli, rådgjevar i 50% stilling

Christer Lundberg Nes, fagleiar aktivitet i 100% stilling

Pål Henry Høyberg, driftsleiar i 100% stilling



I tillegg har friluftsrådet hatt fleire personar engasjerte på timebasis både innan drift, tilrettelegging og aktivitet. Også tilsette i medlemskommunane, frivillige lag og organisasjonar har vore gode medhjelparar gjennom året.

Malin Ytterhaug Giske (bildet) har vore med oss store delar av året både som engasjert på timebasis og som frivillig.

### Møte, representasjonsoppgåver mm.

Gjennom heile året er friluftsrådet med på ei rad møter, kurs, konferansar mm. i samband med arbeidet vårt. Dette gjeld både lokalt i medlemskommunane, på fylkesnivå og nasjonalt.

Friluftsrådet er medlem i Friluftsrådernes Landsforbund (FL) og med i Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF). I tillegg er vi med i God Helse-samarbeidet i Møre og Romsdal fylkeskommune.

## Uttaler, innspel, medieomtale, informasjonsarbeid mm.

### Uttaler og innspel


Friluftsrådet har uttalt seg i flere enkeltsaker både åleine og saman med FNF og ÅST i løpet av året. Nokre døme er konflikten mellom friluftslivsinteressene og Langevågsbåten i Sula, sjikanøs stengsel av ein sti til Hatlaåsen i Ålesund, krav om betaling for bruk av skiløyper, informasjon om krav til bål plassar (Norddal) m.fl. Vi har også vore aktivt med i arbeidet med registrering og verdsetting av friluftsområde i Giske kommune og skilt/løypeplan på Alnes.

### Medieomtale



*Christer Lundberg Nes og Pål Henry Høyberg ved Lillevatnet i Spjelkavik. Bildet er frå artikkelen til Sunnmørsposten om dei nye turkortpermane. Foto Nils Harald Ånstad.*

I 2016 har Sunnmøre friluftsråd vore svært synleg i media, både i aviser, radio, nett og TV. Særleg har Stikk UT! ført til stor interesse frå media, men også mange av aktivitetane og driftsarbeidet vårt har blitt omtalt. Vi har fleire gonger vore gjestar i TV- og radiosendingane til NRK Møre og Romsdal, og både dei, Sunnmørsposten, Nytt i Uka og alle lokalavisene har hatt ei rad reportasjar om arbeidet vårt. Vi opplever at aktivitetane til friluftsrådet blir oppfatta som positivt og godt stoff og at redaksjonane gjerne lagar oppslag om det vi jobbar med.



*Bilde frå reportasjar i NRK Møre og Romsdal om Stikk UT!. Foto Synnøve Hole og Magnus Gamlem.*

## Informasjon

Nettsidene og Facebook er viktige informasjonskanalar i tillegg til andre media. Gjennom året har friluftsrådet jamt og trutt publisert små og store innlegg og fått god utteljing for det. På nettsida hadde vi over 350 000 besøk i 2016 og på Facebook har vi no vel 2500 følgjarar. Mange av innlegga blir i tillegg delt vidare slik at dei mest populære når endå fleire tusen lesarar.

I 2016 har vi også prøvd annonser på Facebook for fleire av kursa og aktivitetane våre i tillegg til tradisjonelle avisannonser. Dette har fungert godt og er noko vi vil halde fram med.

Dei nye nettsidene vi etablerte i 2015 er ei god hjelp i informasjonsarbeidet. Særleg Stikk UT! fører til mykje besøk på sida, men også vør, flo og fjøre og utlån frå utstyrsbasen. Med den nye skjemafunksjonen har utlånet blitt enklare og meir oversiktleg både for aktivitetsleiar og brukarane. Vi får også tilbakemeldingar frå folk som brukar nettsidene for å få tips og inspirasjon til turar.

## Skjergardsteneste

Gjennom heile året har friluftsrådet arbeidd for å få etablert skjergardsteneste i Møre og Romsdal. I mai heldt dagleg leiar ein presentasjon for Kultur- og folkehelseutvalet i fylket, som samrøystes vedtok å arbeide for å få dette til. Fylket arrangerte så studietur til Bergen og omland friluftsråd der vi fekk informasjon om korleis arbeidet er organisert i Vestkystparken, og seinare var det temamøte i Molde der mange aktørar var inviterte for å drøfte behovet for skjergardsteneste i fylket. Dagleg leiar heldt også der ein presentasjon. Seinare løyvde Kultur- og folkehelseutvalet 100 000 kroner til eit forprosjekt som skal vurdere korleis ei slik teneste kan organiserast i Møre og Romsdal. Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal ønskjer å drifte skjergardstenesta i fylket saman med Sunnmøre friluftsråd.

Samstundes har også Friluftsrådernes landsforbund (FL) gjennom heile året jobba mot sentrale styresmakter og politikarar og argumentert for behovet for ei utviding av skjergardstenesta til heile Norskekysten.

## «Arbeidsbåtcrui» med Mørebenken



*På tur med seks av politikarane på Mørebenken, representantar for fylkeskommunen og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal. Foto Staale Wattø, Sunnmørsposten.*



15. august inviterte Sunnmøre friluftsråd politikarane på Mørebenken med på «arbeidsbåt-cruise». Seks av dei ni politikarane hadde høve til å delta, i tillegg til representantar frå fylkeskommunen, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmørsposten og styret til friluftsrådet. Det vart ein svært triveleg dag som starta med omvising på Stafsethneset, besøk på Storholmen (Langevågsholmane), ein snartur innom Hundsvær og Karuseren, ståande lunsj på dekk med brennsnut servert i brød frå kaia i småbåthamna i Gåseidvika, og tur i land og over Svinøya. Returen gjekk tilbake til småbåthamna, med buss tilbake til Stafsethneset. I løpet av dagen fekk vi god tid til å vise politikarane og forklare kvifor det er så viktig å få etablert skjergardsteneste i regionen.

Kombinasjonen av arbeidet til FL sentralt og friluftsrådet lokalt har gitt resultat. I statsbudsjettet for 2017 løyvde Stortinget 5 millionar kroner til utviding av Skjergardsteneste til område med lokalt initiativ og forpliktande medfinansiering. Arbeidet til Rigmor Andersen Eide (Krf.) i Energi- og miljøkomiteen må nemnast. I merknadane frå Krf. er Møre og Romsdal nemnt spesielt som eit område som har behov for Skjergardsteneste.



*Kjekt møte med geitene på Storholmen. Foto Staale Wattø, Sunnmørsposten*



*I land på Svinøya orienterte styreleiar Vebjørn Krogseter om Friluftsmeldinga.*



*Kos med geitene på Storholmen. Marit Krogseter, Petter Jensen og Helge Orten.*

### Kontor, verkstad og lager mm.

Sidan hausten 2011 har friluftsrådet hatt kontor, lager og verkstad på Kongshaugstranda 105 i Vegsundet i Sula kommune. Her leiger vi tre kontor med diverse fellesareal og om lag 300 m2 lager og verkstadlokale. Aktivitetsleiar har heimekontor i Volda.

Friluftsrådet leiger to arbeidsbilar. Aktivitetsleiar disponerer den eine og driftsleiar den andre. Frå oktober 2015 leiger vi også ein Irus beitepussar.

## 2.

### Sikring av område for friluftsliv

Friluftsrådet tok opp att arbeidet med sikring av viktige friluftsområde i 2005. Etter ønske frå medlemskommunane er det dei som skal gjennomføre sikringsarbeidet, medan friluftsrådet skal vere pådrivar og medspelar.



*Badeplassen Karuseren i 1956. Kjelde Bjarne Skarbøvik, Sunnmørsposten.*

I 2016 har Sunnmøre friluftsråd tatt initiativet til statleg sikring av fire nye område i Ålesund kommune: Hundsvær og Tyskholmen med «Karuseren» i Borgundfjorden, og Vikholmen med Lauvholmen i Ellingsøyfjorden. Dette vart samrøystes vedtatt i bystyret og områda får truleg status som statleg sikra i løpet av 2017. Då kan friluftsrådet søkje midlar til tilretteleggingstiltak, m.a. til restaurering av den gamle badeplassen Karuseren. Også tidlegare Prinsen Camping i Ålesund er eit område friluftsrådet har engasjert seg i å få sikra for friluftslivet.

## 3.

## Drift og skjøtsel av friluftsområde og tilrettelegging for friluftsliv

I 2016 har friluftsrådet hatt ansvar for drift, skjøtsel og tilrettelegging i 18 større friluftsområde i medlemskommunane på til saman 1496 dekar. I tillegg kjem delansvar for drift, skjøtsel og tilrettelegging i andre statleg sikra friluftsområde som t.d. Tueneset og Parrvika i Ålesund, Murvika i Skodje og Vassetvatnet i Sula.

Friluftsrådet har ei rad egedelar (tilretteleggingstiltak) som flytebrygger, bruer, toalett, informasjonstavler, stiar, skiløyper mm. som vi har heilt eller delvis ansvaret for. Desse ligg i all hovudsak i regionalt viktige friluftsområde.



*Ny turveg og oppgradert bålplass på Stafsethneset i Ålesund (t.v.) og oppgradert parkeringsplass i Skråvika i Ørskog.*

Friluftsrådet tek ansvar for å søke om midlar til skjøtsel og tilrettelegging i alle dei statleg sikra friluftsområda i medlemskommunane. I 2016 vart det sendt 25 søknader, mot 14 i 2015. Det vart tilslag på 10 (12 i 2015) med eit samla tilskot på kr. 1 356 000 (1 226 000 i 2015). Sjølv om det ikkje blir tilslag på alle søknadane, er det viktig å sende dei for å synleggjere behovet for tilretteleggingsmidlar. Dette er ein medverkande årsak til at Stortinget har auka løyvingane til friluftslivet på statsbudsjettet og friluftsrådet bidreg på denne måten til å skaffar midlar til fylket som også andre kan søke på.



*Den nye brua på Øyna i Stordal*



*Toalettet på Blimsanden på Vigra står beint igjen.*



Den nye grindløa i Kaffivika ved Vassetvatnet i Sula som er bygd i samarbeid med Sula Rotary og Sula turlag.

### Døme på gjennomførte tiltak i statleg sikra friluftsområde i 2016:

• Gurinesbukta	Ny bade/fiskebrygge, drenering mm	125 000 kr.
• Stafsethneset	Ny turveg på nordsida	120 000 kr.
• Kråkvika	Opprusting og tilkomst nytt toalett	75 000 kr.
• Måseide	Totalrenovering toalett	200 000 kr.
• Vassetvatnet	Grindbygg i Kaffivika	130 000 kr.

I tillegg er det gjort mykje anna arbeid som:

- Reparasjon av toaletta i Murvika og på Blimsanden
- Skogrydding fleire stader
- Ferdig bru på Øyna
- Gapahuk og bål plass, Håhjem
- Jamt tilsyn, vask og tømning/påfylling av toaletta
- Slått av gras, opprydding av søppel mm
- Tilsyn og reparasjon av flytebrygger

Friluftsrådet har i tillegg hatt god hjelp frå andre i dette arbeidet, som:

- Mauseidvåg og Solevåg Idrettslag - vask av toalett på Taustua
- Stordal Idrettslag, langrenn - vask av toalett på Overøyve i Stordal
- Vigra Kristelige Ungdomslag - vask av toalett på Blimsanden i Giske
- Gjersetdalen Villmarksområde BA - vask av toalett i Gjersetdalen i Haram
- Ålesund Rotary Øst - Dugnad Svinøya
- Kråkvika Vel - Dugnad Kråkvika
- Vatne Velforening - Dugnad Gurinesbukta
- LHL Skodje/Ørskog/Haram - Dugnad Håhjem
- Sula Rotary/Sula turlag - Dugnad grindbygg i Kaffivika



*Den gamle utedoen på parkeringsplassen på Eikrem var ubrukeleg og stengt.*

*Men no er den totalrenovert – og allereie mykje i bruk.*



## Oversikt søknader og tilskot til statleg sikra friluftsområde i 2016

Tiltak statleg sikra friluftsområde:	Søknad	Innvilga søknad	Type tiltak
Stafsethneset	120 000	120 000	Turveg nordsida, fjerning gammal brygge mm
Stafsethneset	20 000	0	Badebøyer
Satsethneset, Spjelkavikvassdr. m/fl	100 000	0	Uttak svartelisteartar
Tueneset -Stavneset	150 000	150 000	Vintertoalett/muldo, påbygg eksisterande
Tueneset -Stavneset	20 000	0	Badebøyer
Alle område, skjøtsel	550 000	0	Irus beitepussar, kran mm på arbeidsbåten
Svinøya, Stafsethneset, Storholmen, Skråvika m.fl.	200 000	0	Orkanskader og opprydding
Bogneset-Furmyr	200 000	200 000	Turvegetablering - andre tiltak
Bogneset-Furmyr	50 000	0	Etablering grasbakke
Kråkvika-Kråkneset	170 000	0	Sluttføring bade-/fiskemolo
Kråkvika-Kråkneset	75 000	75 000	Utbetring toalett (kommunalt), tilkomst mm
Langevågsholmane	300 000	0	Brygge, WC, restoppnydding Dagmar
Måseide, Sula	200 000	200 000	Ny WC, riving av det gamle
Overøye	200 000	0	Utbetring parkeringsplass, bom mm
Mauren	1 000 000	0	Fiskebrygge rørslehemma m/tilkomst
Gurinesbukta	125 000	125 000	Ny bade/fiskebrygge, dreneringsgrøft, bål/grill
Skråvika, Ørskog	220 000	163 000	Opprusting parkeringsplass, veg og bål plass
Murvika	40 000	40 000	Bål plass/snu WC-dør
Spjelkavikvassdraget	50 000	0	Prosjektering bru
Slinningen-Parrvika	20 000	0	Badebøyer
Vassetvatnet	100 000	0	Flytting av toalett, omgjerung til heilårsbruk
Vassetvatnet	130 000	130 000	Bål- og grillplass med overbygg
Synnalandsneset	20 000	0	Oppstart prosjektering
Skråvika, Ålesund	150 000	150 000	Steinsetting av bekk gjennom området
Skråvika, Ålesund	200 000	0	Parkeringss plass
	<b>4 410 000</b>	<b>1 353 000</b>	

4.  
Aktivitetsarbeid



*Kajakkane til friluftsrådet er populære og svært mykje brukt.*

Aktivitetsarbeid retta mot skular, barnehagar, barn og unge har vore ei viktig oppgåve for friluftsrådet heilt sidan starten av 1990-talet. Christer Lundberg Nes har vore fast tilsett som fagleiar aktivitet sidan 2008. Fram til då vart han leigd inn etter behov. Friluftsrådet har såleis hatt kontinuitet i aktivitetsarbeidet gjennom meir enn 20 år og har i dag eit omfattande tilbod.

### Læring i friluft

«Læring i friluft» handlar om å stimulere til meir og betre uteaktivitet i skular og barnehagar. Friluftsrådet deltek aktivt i nettverket av friluftsråd og Friluftsrådernes Landsforbund som arbeider med uteskule/-barnehage.

På slutten av 2010 starta friluftsrådet arbeidet med opprettinga av eit «lærande nettverk» for skulane i medlemskommunane. I dag er 25 skular med og dette er mellom dei største nettverka til friluftsråda i landet. Kvart år blir det gjennomført ei to-dagars samling for alle medlemsskulane med ulike tema.

I 2016 er følgjande gjennomført gjennom «Læring i friluft»:

19 arrangement for pedagogisk personale i skule og barnehage med totalt 501 deltakarar.

Arrangementa omfattar nettverkssamlinga for tilsette i skular/barnehagar/SFO m.a. med kajakk og livredning som tema, foredrag om skredfare, opplæring i å bruke plastfjell i undervisninga om skredfare, opplæring i å bruke nærområda til uteundervisning, og planlegging av Stafsethneset friluftsområde som lærestad. I tillegg kjem utedagar med både lærarar og elevar og opplæring i bruk av kajakk.



*Også i 2016 fekk Sunnmøre friluftsråd ei generøs gåve frå Gjensidigestiftelsen: Kr. 600 000 til utskifting av dei gamle og utslitte ungdomskajakkane, og til eit nytt klassesett barnekajakkar. Kajakkane er til gratis utlån til skular, barnehagar, lag og foreiningar i medlemskommunane. Foto Nils Harald Ånstad, Sunnmørsposten.*

Gratis utlån av utstyr frå utstyrsbasen til friluftsrådet er ein del av «Læring i friluft». Meir funksjonelle og tiltalende nettsider har gjort det enklare å informere om utlånet og lettare å administrere. Tilbodet har siste året blitt endå betre kjent blant skular, barnehagar, lag og organisasjonar i medlemskommunane. Det viser att på utlånet. I 2016 hadde vi:

48 utlån over 168 dagar med til saman 2 048 deltakarar. (I 2015 var tala 38 utlån, 86 dagar og 1671 deltakarar. I 2014 hadde vi 24 utlån.) Aller mest populært er det å låne kajakkane, men også lavvoar, kokeutstyr for matlaging ute, truger og anna utstyr er mykje brukt. Undervisningsopplegget for kajakk utvikla i Natursekken er fast i læreplanen for heile klassesteg ved to skular.

I 2016 har FL gitt ut heftet «La det snø», eit prosjekt i Natursekken, der fagleiar aktivitet har vore fagleg bidragsytar og Tomrefjord skule har utvikla undervisningsopplegg. Heftet ligg til gratis nedlasting på heimesida vår og sidene til FL. Arbeidet med «Læring i friluft» er støtta med midlar via Friluftsrådenes Landsforbund og Møre og Romsdal fylkeskommune.

I 2016 vart det gjennomført 22 utedagar med 1 827 deltakarar. (I 2015: 15 utedagar med 1460 deltakarar. I 2014 var talet 20 utedagar med 484 deltakarar.)

### Aktivitetstiltak for barn og unge

Friluftsrådet har som mål å gi barn og unge tilbod om aktivitet på fritida der dei får prøve ut ulike friluftaktivitetar og bli betre kjent med kva dei kan finne på i eige nærmiljø. Her har vi eit tett samarbeid med lag og organisasjonar, som er dei som driv mykje av aktiviteten gjennom året.



Mellom tiltaka vi arrangerte i 2016 var to friluftsskular i sommarferien. Den eine i Brattvåg med overnattingstur til Haramsøya og den andre på Stafsethneset i Ålesund med overnattingstur til Svinøya. I tillegg hadde vi friluftsskule på Tueneset i Ålesund i haustferien. Vi deltok også i fleire arrangement i regi av andre, som t.d. Høstcamp Øvre Stordal, Kvitveisdagen i Sula og Storfjordstemnet.

I tillegg låner friluftsrådet ut kajakkar og anna utstyr til lag og foreiningar som arrangerer aktivitetstilbod til barn og unge på fritida.

Arbeidet er støtta økonomisk via Friluftsrådernes Landsforbund, Møre og Romsdal fylkeskommune og Miljødirektoratet.

## Naturlos med Friluftslivets veke og Ordførarens tur



**NATURLOS 2016**

Et prosjekt i regi av Sunnmøre Friluftsråd. Gjennom NATURLOS vil vi bidra til å markedsføre kultur- og naturtilbud i medlemskommunane til Friluftsrådet. Det er i hovedsak lokale lag og som alle brukerne berne og arrangementene.

Nettsida [www.friluftsradet.no](http://www.friluftsradet.no) for eventuelle fleire turar

EdB med lenk. Spøk gjerne Facebook-sida vår der vi legg ut diverse informasjon.

<p><b>Medal</b></p> <p>Etter 10 km løp (10 km) i løp i Mjølstad og i løp i Mjølstad. Det er i hovedsak lokale lag og som alle brukerne berne og arrangementene.</p> <p>Oppstart: Mjølstad kl. 11.00</p> <p>Arrangør: Mjølstad IL</p>	<p><b>Nalmenkvernveka og Bogneset i Ålesund</b></p> <p>Vandring til Nalmenkvernveka og Bogneset og tilbake. Det er i hovedsak lokale lag og som alle brukerne berne og arrangementene.</p> <p>Oppstart: Nalmenkvernveka kl. 11.00</p> <p>Arrangør: Nalmenkvernveka IL</p>	<p><b>Fjellet i Stordal</b></p> <p>Etter 10 km løp i Stordal. Det er i hovedsak lokale lag og som alle brukerne berne og arrangementene.</p> <p>Oppstart: Stordal kl. 11.00</p> <p>Arrangør: Stordal IL</p>
<p><b>Sylfjellet i Norddal</b></p> <p>Vandring til Sylfjellet og tilbake. Det er i hovedsak lokale lag og som alle brukerne berne og arrangementene.</p> <p>Oppstart: Sylfjellet kl. 11.00</p> <p>Arrangør: Sylfjellet IL</p>	<p><b>Lillevannet i Ålesund</b></p> <p>Vandring til Lillevannet og tilbake. Det er i hovedsak lokale lag og som alle brukerne berne og arrangementene.</p> <p>Oppstart: Lillevannet kl. 11.00</p> <p>Arrangør: Lillevannet IL</p>	<p><b>Sukkertoppen</b></p> <p>Vandring til Sukkertoppen og tilbake. Det er i hovedsak lokale lag og som alle brukerne berne og arrangementene.</p> <p>Oppstart: Sukkertoppen kl. 11.00</p> <p>Arrangør: Sukkertoppen IL</p>
<p><b>Kleivane i Ørskog</b></p> <p>Vandring til Kleivane og tilbake. Det er i hovedsak lokale lag og som alle brukerne berne og arrangementene.</p> <p>Oppstart: Kleivane kl. 11.00</p> <p>Arrangør: Kleivane IL</p>	<p><b>Ordstemmen i Norddal</b></p> <p>Vandring til Ordstemmen og tilbake. Det er i hovedsak lokale lag og som alle brukerne berne og arrangementene.</p> <p>Oppstart: Ordstemmen kl. 11.00</p> <p>Arrangør: Ordstemmen IL</p>	<p><b>Sukkertoppen</b></p> <p>Vandring til Sukkertoppen og tilbake. Det er i hovedsak lokale lag og som alle brukerne berne og arrangementene.</p> <p>Oppstart: Sukkertoppen kl. 11.00</p> <p>Arrangør: Sukkertoppen IL</p>
<p><b>Oppshjell i Norddal</b></p> <p>Vandring til Oppshjell og tilbake. Det er i hovedsak lokale lag og som alle brukerne berne og arrangementene.</p> <p>Oppstart: Oppshjell kl. 11.00</p> <p>Arrangør: Oppshjell IL</p>	<p><b>Besetna i Vestnes</b></p> <p>Vandring til Besetna og tilbake. Det er i hovedsak lokale lag og som alle brukerne berne og arrangementene.</p> <p>Oppstart: Besetna kl. 11.00</p> <p>Arrangør: Besetna IL</p>	

NATURLOS er eit tiltak for å marknadsføre natur- og kulturvandringar og arrangement i medlemskommunane. I hovudsak er dette vandringar og arrangement i regi av lag og organisasjonar.

I 2016 marknadsførte friluftsrådet 149 natur- og kulturvandringar med ca. 3725 deltakarar. (2015: 139 turar med ca. 3520 deltakarar) i medlemskommunane gjennom to Naturlosaviser som innstikk i Nytt i Uka (vår og haust). I tillegg kjem ei rad andre arrangement som fekk eigne annonser i avisene og omtale på nettsida vår og Facebook. Det same gjeld fleire andre turar og arrangement der friluftsrådet var med som arrangør, t.d. Postvegmarsjen i Ørskog.

Friluftslivets veke vart arrangert i samarbeid med FNF og Ålesund-Sunnmøre turistforening på Tueneset i Ålesund.

NATURLOS er finansiert med midlar via Friluftsrådernes Landsforbund, Møre og Romsdal fylkeskommune, Miljødirektoratet og FNF i Møre og Romsdal.

Takk til alle lag og organisasjonar som står på og lagar til ei mengde arrangement og turar rundt om i kommunane, og som melder dei inn til friluftsrådet slik at dei kan

marknadsførast i Naturlos. Samla gir dette eit godt bilede av aktiviteten i regionen.

## Folkehelse

Det meste av arbeidet til friluftsrådet handlar om folkehelse, anten det gjeld tilrettelegging, aktivitetar eller informasjonsarbeid. Folkehelse er likevel eit eige arbeidsområde, særleg knytt til aktivitetar for personar med spesielle behov. Mellom dei er menneske som ikkje greier å gå langt og bratt, men som likevel vil ha glede av å kome seg ut på tur. Desse er hovudmålgruppa for turkorta til friluftsrådet. 9 nye turkort er ferdige i tillegg til dei 19 vi har laga og samla i turkortpermar tidlegare, saman med informasjon om friluftsrådet, allemannsretten, førstehjelp og litt om kvar medlemskommune. Permane er distribuerte til institusjonar, bibliotek, sørviskontor, venterom osv. saman med lause turkort interesserte kan ta med heim. I tillegg kan turkorta skrivast ut frå heimesida til friluftsrådet.

Frå 2015 har dei to friluftsråda i fylket inngått samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om folkehelsearbeidet. Dette betyr m.a. at friluftsråda formelt er del av folkehelsearbeidet og med i dei fora der dette er tema. Medlemskapet kan også gi tilgang til midlar som friluftsråda tidlegare ikkje kunne søke på.

Gjennom året har friluftsrådet arrangert ei rad gratis kurs, t.d. «Klart det går» for personar med ansvar for funksjonshemma, turtipkurs, og kurs for besteforeldre som vil bli tryggare på uteaktivitetar saman med barnebarn og friluftslivskurs for flyktningar og asylsøklarar.



*Frå opninga av Naturmøteplassen i Rystene i Stordal.*

Naturmøteplassen er eit nytt prosjekt vi tok initiativ til i 2016. I Rystene i Stordal brenn bålet og kaffien er klar kvar onsdag kl. 12-14 gjennom året. Dette er eit samarbeid med tilsette i kommunen og frivillige. Målet er at dette skal bli ein fast møteplass i friluft gjennom året for menneske som har ledig tid på dagtid. Friluftsrådet arbeider med å få etablert Naturmøteplassen i fleire medlemskommunar.

## Stikk UT!

Turregistreringskonkurransen Stikk UT! har blitt ein stor suksess. I 2016 registrerte 6 713 deltakarar 149 128 turar. Dette er ei dobling av talet på deltakarar frå startåret i 2015 og meir enn ei tredobling av registrerte turar. Talet på turmål var auka til 119, mot 82 i 2015. I 2016 etablert vi også Stikk UT!-bedrift, der vel 30 arbeidsplassar var med og brukte Stikk UT! som trivselstiltak på jobben.


Tilbakemeldingane er eintydig positive og mange melder at dei gler seg til neste sesong og at dei då skal få med seg fleire. Stikk UT! motiverer både barn, unge, vaksne og eldre til å gå oftare på tur og til fleire turmål enn tidlegare. Særleg det å oppdage så mange nye flotte turmål i regionen er ein viktig motivasjonsfaktor for mange.



## Kystleia

Dei to færingane friluftsrådet eig, Leia og Linge, ligg ved Sunnmøre Museum. Dei blir leigde ut i samarbeid med museet og Sunnmøre Kystlag både til private og til lag og foreiningar. I 2016 var dei utleigde i berre ni dagar fordi den eine vart stolen og ramponert. (22 utleigedagar i 2014). Den vart funnen igjen og blir reparert til sesongen 2017.

## Skikompis - skredførebyggjande arbeid



Den høge kompetansen til fagleiar aktivitet om snøskred og ferdslar i vinterfjellet er ein viktig del av arbeidet til friluftsrådet. Både gjennom skredførebyggjande kurs og aktivitetstiltak for ungdom (skredkurs), og forelesingar på høgskular og konferansar.

I mars 2013 vart boka Skikompis lansert. Boka er no pensum ved aktuelle linjer på Høgskulen i Volda, Høgskulen i Sogn og Fjordane og UiT - Norges Arktiske universitet. Den er også pensum på Dagskurs- og Grunnkurs skred Nordisk, Dagskurs- og Grunnkurs skred Alpint i regi av Norsk Fjellsportforum. I tillegg er boka referanselitteratur i utdanninga til Norske Tindevegledere, på andre aktuelle linjer ved

høgskular/universitet, og vidaregåande kurs i skredutdanninga i Norsk Fjellsportforum.

I samband med Skikompis har friluftsrådet etablert heimesida [www.skikompis.no](http://www.skikompis.no). Det er også utarbeidd informasjonsskilt for bruk i skianlegg og små skikompisfaldarar med enkle tips til sikker ferdslar.

Også i 2016 har friluftsrådet vore ein del av NVE sitt observatørkorps og med i det nasjonale

nettverket for erfaringsdeling og kompetanseheving både internt og eksternt. Observasjonar i terrenget gjennom vinteren ligg til grunn for NVE sine skredvarsel på

[www.varsom.no](http://www.varsom.no). Friluftsrådet har også bidrege med faglege innspel til snøskredskolen på [www.varsom.no](http://www.varsom.no) og auka merksemd om isvarselet med isskolen. M.a. gjennom ein stor reportasje i Sunnmørsposten om trygg ferdsel på is.

Nokre av fagpresentasjonane til friluftsrådet har, som einaste eksterne dokument, lagt til nedlasting på [www.varsom.no](http://www.varsom.no) i 2016.



5.

## ØKONOMI - Rekneskap

Rekneskapet for 2016 viser eit overskot på kr. 438 943 mot kr. 54 574,75 i 2015 og kr. 46 247,18 i 2014.

Inntektssida er på 6 613 489 millionar kroner, mot 5 593 079 millionar kroner i 2015 og 4 529 183 kr i 2014. Inntektsauken frå 2015 til 2016 er på nesten 20%.

Inntektene fordeler seg slik;

Inntekter	2014		2015		2016	
	kroner	%	kroner	%	kroner	%
<b>Medlemskontingent</b>	<b>906 846</b>	<b>20,0</b>	<b>1 046 928</b>	<b>18,7</b>	<b>1 326 015</b>	<b>20,0</b>
<b>Andre kommunale tilskot</b>	<b>0</b>		<b>16 500</b>	<b>0,3</b>	<b>0</b>	
<b>Fylkeskommunale tilskot</b>	<b>227 000</b>	<b>5,0</b>	<b>309 000</b>	<b>5,5</b>	<b>580 000</b>	<b>8,8</b>
Administrasjon, fast øyremerka	184 000		184 000		210 000	
Prosjekt + andre tilskot	43 000		125 000		370 000	
<b>Statlege tilskot via FK</b>	<b>1 005 069</b>	<b>22,2</b>	<b>1 904 000</b>	<b>34,0</b>	<b>2 003 600</b>	<b>30,3</b>
Tiltak i statleg sikra friluftsområde (post78)	735 569		1 028 000		1 333 600	
Prosjekt, aktivitet (post78)	269 500		500 000		670 000	
Spelemidlar tilrettelegging	0		376 000		0	
<b>Statlege tilskot via FM</b>	<b>0</b>		<b>0</b>		<b>0</b>	
<b>Statlege tilskot via FL</b>	<b>1 270 000</b>	<b>28,0</b>	<b>1 295 000</b>	<b>23,2</b>	<b>1 488 300</b>	<b>22,5</b>
Administrasjon	405 000		415 000		455 000	
Prosjekt, aktivitet	865 000		830 000		983 300	
Spelemidlar tilrettelegging			50 000		50 000	
<b>Andre statlege tilskot</b>						
<b>Deltakar- og kursavgifter</b>	<b>29 431</b>	<b>0,6</b>	<b>45 101</b>	<b>0,8</b>	<b>I prosjekta</b>	
<b>Andre inntekter</b> <small>m/mva.komp</small>	<b>1 090 837</b>	<b>24,1</b>	<b>976 550</b>	<b>17,5</b>	<b>1 215 574</b>	<b>18,4</b>
<b>SUM</b>	<b>4 529 183</b>		<b>5 593 079</b>		<b>6 613 489</b>	
Finansinntekter - finanskostnader	24 258		17 328		3 097	

Inntektsfordeling i %:	2014	2015	2016
Medlemskommunane	20,0%	18,7%	20,0%
Stat og fylke m/FL	55,2%	63,8%	61,6%
Andre inntekter inkl. mva. komp	24,7%	17,5%	18,4%

### Tilførte midlar per krone

i medlemskontingent:

	2014	2015	2016
	4,99 kr.	5,34 kr	4,98 kr

Inntektsida er delt opp i to delar. Dei "faste" inntektene er medlemskontingenten (1 326 015), administrasjonstilskot frå Møre og Romsdal Fylke (210.000 kr på kulturbudsjettet) og administrasjonstilskot via Friluftsrådernes Landsforbund (455.000 kr frå Miljøverndepartementet sitt budsjett).

For 2016 utgjer dei faste inntektene 1 991 015kr (30,1%) mot 1 645 928kr (29,4%) i 2015, 1 495 846 (33,0%) i 2014, 1 430 086 (32,6%) i 2013 og 1 345 070 kroner (29,5%) i 2012.

Dei resterande inntektene er i all hovudsak prosjektmidlar som ein må søkje om for kvart år, med unntak av nokre salsinntekter og liknande.

Utgiftene fordeler seg slik;

Utgifter	2014		2015		2016	
	kroner	%	kroner	%	kroner	%
Løn og sosiale kostnader	2 033 566	45,3	2 136 978	38,5	2 487 885	40,3
Administrasjon + reise- og møteutgifter	814 330	18,2	787 683	14,2	779 636	12,6
Drift, skjøtsel og tilrettelegging	564 031	12,6	1 419 652	25,6	1 295 818	21,0
Aktivitetsprosjekt	642 866	14,3	612 498	11,0	1 027 116	16,6
Meirverdiavgift	378 472	8,4	546 637	9,8	520 442	8,4
Anna	51 803	1,2	52 382	0,9	65 561	1,1
<b>SUM</b>	<b>4 485 068</b>		<b>5 555 830</b>		<b>6 176 458</b>	
Finansutgifter	579		637		1 183	

## Oversikt over friluftsområde – FÅO sitt ansvar per 31.12.16

Kommune	Namn	Areal/da	Eigar	Sikringsstatus	Tilrettelegging
Giske	Blimsanden	10	Privat	Regulert	2 Toalett, tilkomstveg, vegbom
Haram	Bjørnøya	200	Privat	Avtale m/grunneigar 10 år	* Kystfort, turveg og stiar, informasjon, kvilebenkar etc
	Gurinesbukta	5,4	Kommunen	Statleg sikra	Parkeringsplass, veg, bade/fiskebrygge, rullestolrampe, toalett, badestrand, bålplass
Skodje	Mauren	315,5	Staten	Statleg sikra	Turveg, tursti, 2 p- plasser, servicebygg med toalett
	Håjem	80	Kommunen	Kommunal eigedom – regulert	Tursti , P-plass, vegbom, toalett, gapahuk, bålplass
Sula	Langevågsholmane	114,3	Staten	Statleg sikra	Turstiar, 2 brygger, kai, informasjon, toalett
	Eikrem	6,1	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, garasje, toalett
	Vassetvatnet				Grindbygg, toalett
Vestnes	Kråkvika	101,6	Staten	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg, turstiar, servicebygg med toalett, gapahuk og bålplassar, bade/fiskemolo, 2 stk. vegbommar
	Leirvågen	165	Kommunen	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg m/bru, parkeringsplass
Ørskog	Skråvika	10	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, turveg, toalett, vegbom, badestrand
Ålesund	Svinøya	227,4	Staten	Statleg sikra	2 toalett, turstiar, natur- og kultursti, 2 gjestebryggjer, grillplass, kystleihytte, trapper
	Vikholmen	90	Kommunen	Kommunalt sikra	Kai, turstiar, toalett
	Hunsvær	80	Kommunen	Kommunalt sikra	Gjestebyggje
	Stafsethneset	28,2	Kommunen	Statleg sikra	Turstiar, hageanlegg, parkeringsplass, bryggjer, toalett, vegbom, bålplass etc
Stordal	Øyna	49,5	Privat		2 bruer, toalett
		<b>1423,5 da</b>			

*I tillegg har Friluftsrådet heilt eller delvis ansvaret for desse "områda":*

- Parrvika friluftsområde i Ålesund kommune
- Tueneset friluftsområde i Ålesund kommune
- Spjelkavikelva friluftsområde i Ålesund kommune
- Murvika friluftsområde i Skodje kommune
- Vassetvatnet friluftsområde i Sula kommune
- Sti til Hamnsundhellaren i Haram kommune
- Sti mellom Alnes og Juv i Giske kommune
- Sti mellom Sandvika og Nøringset i Sula kommune
- Parkeringsplass ved Eikenosa i Ålesund kommune
- Parkeringsplass ved Storsætra i Skodje kommune
- Skiløyper rundt Mevatn og Svartløken i kommunane Skodje, Vestnes og Ørskog
- Sti til Skjonghellaren i Giske kommune
- Den Trondhjemske Postveg gjennom kommunane Vestnes og Ørskog

### Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane

I alt er det 29 statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane til friluftsrådet. To av dei, Giske og Norddal, har ingen statleg sikra friluftsområde.

Friluftsrådet har eit heilskapleg driftsansvar for 9 av dei statleg sikra områda og delansvar for tiltak (toalett) i fleire av dei andre.

Friluftsrådet søker på vegne av rådet og kommunane om skjøtsel- og tilretteleggingsmidlar til alle dei statleg sikra friluftsområda.



*Bade- og fiskemoloen i Kråkvika friluftsområde i Vestnes.*

**FRILUFTSRÅDET SINE EIGEDELAR per 31.12.16**

Gjenstandar	Kommune	Lokalisert	Forsikringsverdi	Sum
Gjestebygger og kaier	Giske	Godøya	150.000	
		Ytterland	150.000	
	Haram	Austnes	150.000	
		Søvik	150.000	
	Skodje	Dampskipskaia	150.000	
		Mauren	150.000	
	Stordal	Dyrkorn	150.000	
	Sula	Storholmen	250.000	
		Storholmen	150.000	
		Brennholmen	?	Kai
	Ålesund	Svinøya	250.000	
		Svinøya	250.000	
		Hundsvær	150.000	
		Sunnmøre Museum	150.000	
		Svinøya	?	Kai
		Vikholmen	?	Kai
		Stafsethneset	150.000	2.400.000
Bruer	Stordal	Store Ådalselva	100.000	
	Stordal	Elvabytet	100.000	
	Ørskog	Fosslibrua (Måslia)	200.000	
	Ørskog	Postvegen over Tverrelva		
	Skodje	Mevatnet	200.000	
	Vestnes	Kråkвика 3, Leirvågen 1	200.000	800.000
Toalett	Giske	Blimsanden 2 stk	300.000	
	Haram	Gurinesbukta	200.000	
	Haram	Gjersetvatnet	200.000	
	Sula	Taustua	100.000	
	Sula	Eikrem	100.000	
	Sula	Storholmen	100.000	
	Sula	Vassetvatnet	200.000	
	Skodje	Murvika	200.000	
	Skodje	Håjem	100.000	
	Stordal	Overøye	100.000	



	Ålesund	Svinøya	100.000	
	Ålesund	Vikholmen	100.000	
	Ålesund	Parrvika	200.000	
	Ålesund	Tueneset	200.000	
	Ålesund	Lillevatnet	250.000	
	Ålesund	Sandingane	250.000	
	Ålesund	Stafsethneset	250.000	
	Ålesund	Voldsdalsberga	500.000	2 bygg
	Ørskog	Skråvika, Brauta, Vaksvikfjellet	300.000	
	Norddal	Norddalsstranda	100.000	
	Stordal	1 stk midlertidig	200.000	4.050.000
Toalett/reiskapsbu	Skodje	Mauren	160.000	
	Vestnes	Kråkvika	160.000	
	Ålesund	Svinøya	160.000	480.000
Reiskapshus	Sula	Eikrem	200.000	200.000
Gapahuk	Vestnes, Sula, Skodje	Kråkvika, Lervågen, Håhjem, Vassetvatnet	200.000	200.000
Bålplass	Vestnes, Ålesund	Kråkvika (2 stk) Stafsethneset, Svinøya	60.000	60.000
Informasjonstavler	Sula	Eltrane	60.000	
	Sula	Sandvika	60.000	
	Giske	Godøya (3stk)	100.000	
	Ålesund	Stafsethneset	60.000	300.000
Bade-/Fiskebryggje	Vestnes	Kråkvika	200.000	200.000
Handreiskap og verkty			50.000	50.000
Tilhengarar og båthengar			50.000	50.000
Minitraktorar og slåmaskinar			150.000	150.000
Båt med motor			450.000	450.000
Div aktivitetsutstyr			300.000	300.000
Diverse kontorutstyr			70.000	70.000
<b>TOTALT</b>				<b>9 760 000</b>

# Vedtekter

(Gjeldande frå årsmøte 18-04-2012)

## §1 - MEDLEMMER

FRILUFTRÅDET for Ålesund og Omland er eit interkommunalt samarbeidsorgan etter §27 i Kommunelova mellom kommunane Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Sula, Vestnes, Ørskog og Ålesund.

Nye deltakarkommunar skal verte godkjend av årsmøte og alle medlemskommunane.

## §2 - FØREMÅL

FRILUFTRÅDET si oppgåve er i samarbeid med medlemskommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for:

- a) Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ymse slag til almen bruk.
- b) Å skape større forståing for nytten av friluftsliv.
- c) Å betre friluftskulturen.
- d) Å stimulere til friluftsliv for alle.
- e) Å leggje tilhøva til rette for fysisk aktivitet for born og unge
- f) Utarbeide samordna prioriterte planar som skal ligge til grunn for rådet sitt arbeid.
- g) Vere ein pådrivar overfor medlemskommunane i friluftslivssaker og kunne vere høyringsinstans i prinsipielle friluftssaker.

## §3 - ORGANISASJON

Årsmøtet, styret og arbeidsutvalet er FRILUFTRÅDET sine faste organ.

Styret og administrasjonen står for den dagleg drifta av FRILUFTRÅDET

## §4 - ØKONOMI

Deltakarkommunane skal betale tilskot til rådets verksemd. Årsmøte fastset eit årleg pr. capita tilskot basert på folketal frå Statistisk Sentralbyrå frå føregåande år.

Budsjettframlegg som inneber meir en 2% reell auke i tilskot frå medlemskommunane krev 2/3 fleirtal på årsmøte.

Framlegg til arbeidsprogram og budsjett for neste år sendast medlemma til orientering.

Rådet kan ikkje ta opp lån eller pantsette eigedom utan at dette er godkjend av medlemskommunane på førehand

## §5 - ÅRSMØTET

Årsmøtet er FRILUFTRÅDET si høgste styresmakt. Ordinært årsmøte vert halde kvart år innan utgangen av mars månad.

Kvar av medlemskommune har høve til å sende 2 representantar med røysterett til årsmøtet, gjerne ein av kvart kjønn.

Kommunane skal velje dei 2 representantane med vararepresentantar for heile kommunevalperioden. Styret sine medlemmer møter med røysterett på årsmøtet.

På årsmøtet kan følgjande møte med røysterett.

- 2 representantar frå kvar av medlemskommunane

- Medlemmane av styret

Årsmøtet er også ope for andre interesserte.

Årsmøtet avgjer i kvart einskild høve om andre frammøtte skal ha talerett i ei eller fleire saker på årsmøtet.

Årsmøtet er vedtaksført når det etter vedtektene er lovlegg innkalla og kunngjort.

Årsmøtet vert innkalla etter vedtak i styret og med minst 4 vekers skriftleg varsel.

Ordinært årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling og sakliste
2. Velje ordstyrar og sekretær
3. Handsame styret si årsmelding
4. Godkjenne den framlagde rekneskapen med revisjonsmelding
5. Fastsetje neste års kontingent auke av medlemskontingent utover indeksregulering må godkjennast av alle medlemskommunane, eventuelt i etterkant.
6. Handsame innkomne framlegg
7. Handsame framlegg til neste års budsjett
8. Velje:

- a) styre med vararepresentant (1 styremedlem + 1 personleg vararepresentant frå kvar medlemskommune)

Kvar kommune stiller med ein representant / vararepresentant av kvart kjønn.

- b) leiar og nestleiar i styret, blant medlemmene i det alt valde styret
- c) Revisor
- d) valnemnd på 3 medlemmer og 1 varamedlem
- e) To personar til å godkjenne møteprotokollen frå årsmøte

Revisorane og medlemmene av valnemnda vert valde for eitt år.

Medlemmene av styret har ei funksjonstid på to år, maksimalt i samanhengande 8 år. Årsmøtet bør sjå til at det er minst 40% av kvart kjønn i styret. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmene vere på val kvart år.

Vararepresentantane til styret vert vald for same tidsperiode som tilsvarende styremedlem.

Alle val skal vere skriftlege dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg.

Når kandidatar skal veljast enkeltvis og ingen av kandidatane oppnår fleirtal, dvs. minst halvparten av dei avgjevne røystene skal det gjennomførast omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Er det etter dette omvalet like mange røyster på kvar kandidat, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

Alle vedtak på årsmøte vert avgjort med vanleg fleirtal utanom dei sakene som etter vedtektene krev kvalifisert fleirtal.

Ved stemmelikskap i saker der avgjersla vert gjort med vanleg fleirtal vert desse avgjort ved leiar, sekundært stedfortreder for leiar, si dobbeltstemme

## §6 - EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan innkallast med minst 2 vekers skriftleg varsel etter vedtak i styret, eller når minst halvparten av medlemskommunane krev dette skriftleg.

Saklista skal leggest ved innkallinga.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga.

#### **§7 - STYRET**

Styret er samansett av ein medlem frå kvar av medlemskommunane.

Styret har leiingsansvaret for FRILUFTRÅDET mellom årsmøta.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades. Alle vedtak i styret vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom det vert like mange røyster for og imot, vert røystemåten til leiaren avgjerande.

Styret vert leia av leiaren og når han ikkje er til stades av nestleiaren.

Det er leiaren som avgjer når styret skal møtast. Styret kan også innkallast når eit fleirtal av styremedlemmene ønskjer det.

Innan styret kan det veljast eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn styret på førehand gjeve fullmakt til.

Styret sine arbeidsoppgåver er m.a.:

1. Å fremje FRILUFTRÅDET sine oppgåver i samsvar med vedtekter og årsmøtevedtak.
2. Å leie FRILUFTRÅDET si vanlege drift og ha ansvar for økonomistyring i samsvar med utarbeidd budsjett.
3. Å tilsetje medarbeidarar.
4. Å kunne gi fullmakter (økonomisk og juridisk).
5. Å ha ansvar for at det vert ført rekneskap og at det vert ført protokoll over alle møter og forhandlinger.
6. Å sende referat frå årsmøtet til alle medlemmer i FRILUFTRÅDET, til fylkesfriluftsnemnda og til Friluftsrådenes landsforbund.
7. Å førebu årsmøtesaker med framlegg til vedtak om arbeidsprogram, budsjett og kontingent.

#### **§8 - VEDTEKSENDRINGAR**

Endringar av vedtektene må gjerast på årsmøte og krev minst 2/3(to tredjedels) fleirtal.

#### **§9 - UTMELDING**

Ein medlem kan melde seg ut av FRILUFTRÅDET når han ønskjer det, etter lovleg fatta vedtak i kommunen.

Sams for alle som vil melde seg ut av FRILUFTRÅDET er at medlemskontingenten må vere betalt for det året utmeldingsvedtaket vert gjort, før utmeldinga kan verte gyldig.

#### **§10 - OPPLØYSING**

Oppløysing av FRILUFTRÅDET kan berre vedtakast på eit ordinært årsmøte og med minst 2/3 fleirtal.

Framlegg om oppløysing må vere oppført på saklista som medlemmene må ha fått tilsend minst 14 dagar før møtet.

Vert oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare med oppløysing på saklista.

Dersom FRILUFTRÅDET vert oppløyst, skal alle omsettelege aktiva seljast og saman med andre kontante midlar delast mellom medlemskommunane i høve til kontingenten frå den einskilde kommune.